



MØTEBOK

Organ	Styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane
Møtestad	Fagskulen, avdeling Måløy
Møtedato	15.03.2017
Kl.	10:30

Faste medlemmer til stades:

Gunn Åmdal Mongstad
Hilmar Høl
Jan Heggheim
Anne Karine Lysne
Rolf Yksnøy
Ole Johnny Lerheim

Forfall til møtet:

Bjørn Hollevik

Varamedlemer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet:

Reidar Grønli

Merknader til innkalling og sakliste.

Saker som kjem i tillegg må sendast ut som eige tillegg.

Møtebok frå 19.01.2017 vart godkjend utan merknader.

SAK 4/17 Strategi

Rektor rår styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane til å gjere fylgjande vedtak:

Styret gir rektor oppgåve å lage ein brei strategiprosess. Grunnlaget for prosessen skal arbeidast med i organisasjonen og med aktuelle samarbeidspartar. Prosessen skal ende opp i eit strategiseminar der strategiplanen vert laga. Seminaret skal vere i oktober 2017.

Endringsframlegg:

Ingen

Avrøysting:

Samrøystes

VEDTAK:

Styret gir rektor oppgåve å lage ein brei strategiprosess. Grunnlaget for prosessen skal arbeidast med i organisasjonen og med aktuelle samarbeidspartar. Prosessen skal ende opp i eit strategiseminar der strategiplanen vert laga. Seminaret skal vere i oktober 2017.

SAK 5/17 Utgreiing om kostnadsreduksjon

Rektor rår styret for Fagskulen i Sogn og Fjordane til å gjere fylgjande vedtak:

I handsaminga av oppdraget frå prosjekt SFJ2019 skal Fagskulen i Sogn og Fjordane utgreie ein kostnadsreduksjon på kr 2 og 4 millionar. Styret meiner det kan forsvarast å redusere kostnadene med kr 2 mill. Det vil derimot vere uforsvarleg å redusere drifta med kr 4 millionar. Dette vil redusere læringsutbyttet til studentane i vesentleg grad.

Endringsframlegg:

I handsaminga av oppdraget frå prosjekt SFJ2019 skal Fagskulen i Sogn og Fjordane utgreie ein kostnadsreduksjon på kr 2 og 4 millionar. Styret meiner det kan forsvarast å redusere kostnadene med kr 2 mill. Det vil derimot vere uforsvarleg å redusere drifta med kr 4 millionar. Dette vil redusere læringsutbyttet til studentane i vesentleg grad.

Styret i fagskulen er godt nøgde med det nye inntektssystemet som er synleggjort i Stortingsmelding nr 9 2017, "Fagskulen - fagfolk for framtida.

Det fylkeskommunale tilskotet bør leggest opp på same måte, og premiere gode resultat.

Avrøysting:

Samrøystes for endringsforslag

Dette gir følgjande VEDTAK:

I handsaminga av oppdraget frå prosjekt SFJ2019 skal Fagskulen i Sogn og Fjordane utgreie ein kostnadsreduksjon på kr 2 og 4 millionar. Styret meiner det kan forsvarast å redusere kostnadene med kr 2 mill. Det vil derimot vere uforsvarleg å redusere drifta med kr 4 millionar. Dette vil redusere læringsutbyttet til studentane i vesentleg grad.

Styret i fagskulen er godt nøgde med det nye inntektssystemet som er synleggjort i Stortingsmelding nr 9 2017, "Fagskulen - fagfolk for framtida.

Det fylkeskommunale tilskotet bør leggest opp på same måte, og premiere gode resultat.

SAK 6/17 Årsmelding 2016

Rektor rår styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane til å gjere følgjande vedtak:

1. Årsrapporten vert godkjend slik den ligg føre.

Endringsframlegg:

1. Årsrapporten vert godkjend slik den ligg føre.
2. Styret utarbeider eiga årsmelding

Avrøysting:

Samrøystes for endringsforslag

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Årsrapporten vert godkjend slik den ligg føre.
 2. Styret utarbeider eiga årsmelding
-

SAK 7/17 Forskrift om opptak, gjennomføring av studiar, eksamen og klagerett

Rektor rår styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane til å gjere følgjande vedtak:

1. Forskrifta vert godkjend for høyring slik den ligg føre.
2. Forskrifta vert sendt ut på høyring til aktuelle instansar

Endringsframlegg:

1. Forskrift for Fagskolen i Sogn og Fjordane vert gjennomgått og justert i tråd med gjeldande krav.
2. Oppdatert framlegg vert lagt ut til høyring.

Avrøysting:

Samrøystes for endringsforslag

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Forskrift for Fagskolen i Sogn og Fjordane vert gjennomgått og justert i tråd med gjeldande krav.
 2. Oppdatert framlegg vert lagt ut til høyring.
-

SAK 8/17 Namneendring / nedlegging av linjer

Rektor råd styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane å gjere fylgjande vedtak

Fagskolen i Sogn og Fjordane legg ned utdanningane:

1. Bilbransjens fagskule, Serviceteknikar lette kjøretøy
2. Bilbransjens fagskule, Verkstadleing

Endringsframlegg:

Ingen

Avrøysting:

Samrøystes

VEDTAK:

Fagskolen i Sogn og Fjordane legg ned utdanningane:

1. Bilbransjens fagskule, Serviceteknikar lette kjøretøy
 2. Bilbransjens fagskule, Verkstadleing
-